



Innst. 486 S

(2012–2013)

Innstilling til Stortinget fra helse- og omsorgskomiteen

Prop. 174 S (2012–2013)

Innstilling fra helse- og omsorgskomiteen om endringer i statsbudsjettet for 2013 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følge av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

Til Stortinget

Sammedrag

Helse- og omsorgsdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringar i folketrygdrefusjonar for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2013. Endringane for legehjelp og psykologhjelp vert gjort på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening. Arbeidet med endring av forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi med endra takstar for fysioterapeutane vert i år utført med offentlig høyring. Det skal heldast høyrings-/drøftingsmøtar med dei tre fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund. Endringar i takstane som avtalane og høyringa inneber, vil bli fastsett i forskrifter. Forhandlingane med Legeforeningen og Psykologforeningen og høyringa med høyrings-/drøftingsmøta med fysioterapeutorganisasjonane var enno ikkje avslutta da proposisjonen vart lagt fram 7. juni 2013.

Regjeringa vil kome attende til Stortinget med framlegg om eventuelle løyvingsendringar.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Håkon Haugli, Are Helseth, Tove Karoline Knutsen, Thor Lillehovde, Sonja Mandt og Wenche Olsen, fra Fremskrittspartiet, Jon Jæger Gåsvatn, Kari Kjønnaas Kjos og Morten Stordalen, fra Høyre, lederen Bent Høie, Sonja Irene Sjøli og Erna Solberg, fra Sosialistisk Venstreparti, Audun Lysbakken, fra Senterpartiet, Kjersti Toppe, og fra Kristelig Folkeparti, Line Henriette Hemdal, viser til at basistilskudd, driftstilskudd og takster (folketrygdrefusjoner) for leger, psykologer og fysioterapeuter blir fastsatt for perioden 1. juli til 30. juni påfølgende år. Komiteen er kjent med at årets forhandlinger med partene knyttet til oppgjørene for leger og psykologer for tidsrommet 1. juli 2013 til 30. juni 2014 tok til i mai i år og ikke er avsluttet. Komiteen støtter at departementet får fullmakt til å gjøre endringer i bevilgninger til trygderefusjonene som følge av avtale partene eventuelt kommer fram til.

Komiteen viser til at det arbeides med endring av forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi med endrede takster for fysioterapeutene, og at det i år holdes hørings-/drøftingsmøter med Norsk Fysioterapiforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund ut fra høringsnotat utsendt tidlig i juni i år. Komiteen støtter at departementet får fullmakt til å gjøre endringer i bevilgninger til trygderefusjonene for fysioterapeuter gjennom forskrift etter gjennomførte hørings-/drøftingsmøter med partene.

Komiteen legger til grunn av bevilgnings-sakene blir fremlagt for Stortinget senere.

Komiteens tilråding

Komiteen viser til proposisjonen og merknadene og råar Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

Stortinget samtykkjer i at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjere endringar i løyvin-

gane til trygderefusjonane for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2013. Endringane vil bli gjort på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening og den pågåande høyringsprosess for endringar i forskrift om stønad til dekning av fysioterapi.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 11. juni 2013

Bent Høie

lederr

Are Helseth

ordfører